



**LØNDALSSPEL II**

**KJETIL LØNDAL / HARDINGFELE**

**Nrk**

**LØNDALSSPELET** representerar ei eiga grein i norsk folkemusikk. Tuddalsforfattaren O. J. Rui nemnde som karakteristisk «...det mjuke og reine spelet og dei lette og ledige fingretaki». Mange er dei spelemenn som har sett løndalsspelet som ideal og lagt seg etter den særleine lyriske spelemåten i det. Det er ikkje mange spelemenn frå Telemark som er upåverka av løndalsspelet – og likeeins spelemenn frå mange andre bygdelag.

Svein Løndal (1864–1949) er største bautasteinen. Men fleire spelemenn både før og etter i løndalsætta har same sermerkte kjerne i sitt spel. Ætta kom frå Tinn, og det var Hølje Sveinson Leikanrud (f. 1759) som var fyrste kjende spelemannen. Han var attåt Brynjulv Olson beste spelemannen i Tinn og arva særretten etter han til å spela offentleg. Det var ikkje utan grunn Knut Lurås (1782–1843) sa: «Ha' eg hatt Bokko boge og Leikanrud finga', da sku' eg ha vore spelemann da!»

Frå Svein gjekk spelet i arv til sønene Olav (1904–1986), Kjetil (1907–1987) og Einar (1914–2006). I 2005 vart fyrste CDen av «Løndals-spel» gjeve ut med den då 91 år gamle Einar Løndal. I «Løndalspel II» møter vi broren Kjetil.

**KJETIL** var fødd i Tuddal 6. mai 1907 som den mellomste av sønene. I likheit med Olav var han med faren på spelferder i ungdomen. Han fortalde at dei til dømes var i Tinn og spela til dans i «Den blå sal». Seinare var han ofte i Tinn, lærde av Gisle Måremsrud, hadde stor

vyrdnad for Johannes Dahle og lærde mange av hans slåttekomposisjonar – og Kjetil var all sin dag svært glad i tinndølspelet. At det var gjensidig er utan tvil: Me høyrde ein gong spelemannen Olav Øyaland sa: «Kjetil, e' er so glad i deg at e' konna gnågå på deg!»

Kjetil var skihoppar som brørne, og vinterstid var det lange skiturar til nabobygdene Heddal, Hjørtedal, Gransherad og Tinn med feleskrinet på ryggen, og om kvelden var det fest og spel til dans. Han var tilsett som tømrrar og skilærar på Tuddal Høgfjellshotell og der fekk han kjøkkensjefen Edvine som kjæraste, og etter at dei gifte seg flytte dei i 1939 til Casparis gate i Oslo der dei blei buande alle år seinare. Kjetil var vaktmeister der, og heimen vart eit sentrum for folkemusikarar i Oslo. Klokka 13 var det pause i arbeidet. Da kom som regel spelemenn innom, og det vart spel i ein times tid kvar dag i ei årrekke.

Kjetil spela i NRK fyrste gong i 1931 og seinare i mange folkemusikkhalvtimar og andre program. Meir enn 200 slåttar spela han inn i kringkastinga. Han hadde eit spesielt utsagn når det galdt dette: «Eg vart ikkje spelemann før eg fekk bandopptakar og hørte meg sjølv spela».

Kjetil hadde ingen periode utan spel i livet, slik mange har. Var han frisk, spela han kvar dag. Spelet hans var ljost og varmt, livleg og rytmisk briljant. Eit spesielt fenomen kan nemnast her. Han brukte tidvis bevisst ujamn rytme, særleg i gangarar i 6/8-takt. Dette var imponerande å høyre, og det er nok svært få spelemenn som er rytmisk tilstrekkeleg sterke til å gjera han

det etter. Han brukte rytmen som forteljande element i framføringa, på same måte som melodien er det. Kjetil hadde fleire elevar. Han likte svært godt å undervise i spel og å være saman med unge menneske heilt til sin siste dag, ungdommeleg som han sjølv var – alltid full av spøk og artige kommentarar.

Kjetil var óg felemakar og laga sitt første instrument i svært ung alder. Han var genuint interessert i felemakeri og var ofte til felemakarane O. K. Venaas og John H. Tjønn, og særleg ofte hos stormeistrane Olaf G. Helland på Notodden og Gunnar M. A. Røstad i Oslo. Kjetil arbeidde sjølv fine og gode feler. Og han reparerte instrument i alle år – med verkstad på soverommet i det vesle husværet i Casparis gate.

Han var musikalsk leiar i Laget for Folkemusikk frå 1945 til 1980 og formann i 2 år, frå 1945 til 1947. Han var leiar i Landslaget for spelemenn frå 1950 til 1952. Kjetil vann Landskappleiken fire gonger, i 1956, 1958, 1959 og 1966. Mindre kjent er kanskje at han også var meisterdansar og vann landskappleiken også i dans. Det gjorde han i 1954 saman med Margit Løndal. Han var danselærar i Telegaget, der han óg var fast spelemann i ei årrekke. Han var med på ei rad utanlandsturnéar som spelemann, til dei fleste land i Europa og til USA to gonger: 3 månaders turné med Dans ropte fela i 1961 og ein månads turné i 1972. Kjetil hadde eit stort pokalskåp frå kappleikane, og der hang også utmerkingar som Torkjell Haugeruds minnepris og Kongens fortenestemedalje i gull.

Kjetil spela som nemnd heime kvar dag og alltid når

det kom spelemenn og gode lydarar innom. Men han var også av dei som likte eksponeringa som kappleik og konsert kunne gi. Slikt var berre ekstra inspirasjon for han, og han var aldri engstelig for det. På turnéen i USA i 1972 vart han spurt om han ikkje var nervøs for å spela for meir enn 5000 menneske i Washington D. C. «Neida,» svara han, «det er som å eta graut.» Då var han på jobb. Men elles var det typiske for han at han vart så lett inspirert av kontakt med lydarar. Noko av det beste Kjetil gjorde musikalsk skjedde i møtet med publikum. Eit par av innspelningane på denne CDen er frå kappleikar og syner noko av det.

Kjetil døydde 29. november i 1987, 80 år gamal. Han ville avslutta livet heime, med sjukehuseng og heimesjukepleie. Då spelemennene kom til han på dødsleiet for å taka farvel, var det berre spel han ville høyre. Fleire spela for han på soveromet, og då ein spurde om det var noko anna han ynskte, kom svaret kvikt frå senga, i typisk Kjetil-stil: «Ja, det måtte no vera ein pjolter, da!»

Kjetil Løndal var ein musikalsk estetiskar og ein genial formidlar. Han sa at «ein skal snakke med fela». Fela hans, «Røstadkjempa», var som ein del av han sjølv. Han var stolt over å bera oppe speltradisjonen han hadde fått gjennom faren, og i pakt med tradisjonen førte han inn sin eigen farge og sitt eige sjelespråk i spelet. Ved det bar han sitt til endå vidare utvikling av løndalsspelet.

/Bjørn Wibe og Kjell Chr. Midtgaard

## SLÅTTEOMTALE

### 01. Førespel (1962)

Dette er eit førespel som Kjetil hadde etter faren, og som Kjetil sette sin eigen formmessige stempel på – stilsleg og lyrisk, men med kraft ikkje langt unna. Slåtten er på ein måte eit ikon for Kjetils spel.

### 02. Jenta nedmed stronde, springar (1966)

Denne springaren er sumar og vakre enger, ungdom og dans og spel, og med utpensling i form og ornamentikk som i den typiske løndalsslåtten. Og den kjende vare og litt såre undertonen er óg tilstades. Det er nok Svein Løndal som har forma ut denne slåtten. Når Kjetil spela, hadde han ofte kommentarar, sitat og historiar omkring slåttane. Til denne siterte han stundom teksten i visetonen – med litt tinndølsk snert:

*Og jenta nedmed stronde  
gjekk og pølå ved.  
Fær du ingjen annen  
så kan du tåkå me'.*



FOTO: UKJENT, UTLÅNT AV NRK

Einar, Kjetil og Olav i samspel under 100 års minnesmerking av spelmannen og faren, Svein Løndal, i 1964.

03. **Flesbergingen, springar** (1976)

Dette er ein myllarslått med mange former og fleire namn. Han heiter Lårdalsbryggja i Vest-Telemark – eller Åsheimen, som Jørgen Tjønnstaul nemnde han.

04. **Fenta, halling** (1963)

Halling i løndalstradisjon. Opptaket er frå Porsgrunnkappleiken i 1963.

05. **Bokkoen, springar** (1964)

Namnet på slåtten skriv seg frå spelemannen Øystein Bokko frå Tinn. Denne friske springaren var Kjetil spesielt glad i og nytta han iblant på kappleikar, slik som her under Austlandskappleiken i Porsgrunn.

06. **Sevlien, halling** (1964)

Denne kjende innspelinga av Sevlien vart gjort på Austlandskappleiken i Porsgrunn i 1964. Kjetil fortalde seinare at då han stod på scena den gongen kjende han seg fullstendig fri. Han kunne gjera alt han ville med instrumentet og kjende fela som ein fysisk del av seg sjølv. Han fortalde at ei slik sterk frihetskjensole og allmakt i spelet hadde han berre kjent eit fåtal gonger. Ein annan gong var då han spela Urgjen i Storsalen i Nordhald Bruuns gate i Oslo. Spelet den gongen vart det ikkje gjort opptak av.

07. **Bånsull etter Svein Løndal** (1955)

Svein Løndal spela mange bånsullar og visetonar. Bånsullane var ikkje strengt formfaste, men kunne variere i form og lengde ettersom spelemannen kjende det riktig – og truleg etter kor effektive dei var i å framkalla svennen. Denne slåttetypen har oftast mollstemt preg. Denne bånsullen er fylt av den lyriske og kjensleware fargen som løndalsspelet er prega av. Det er mange historiar om at når Svein Løndal fant å ville «sulle lite fe ungan,» så endte det ofte slik at ungene sovna, og dei vaksne sat att med tårer på kinn.

08. **Jåle-Ragnhild, springar** (1966)

Springar som Kjetil brukte mykje til kappleik og dans. Det er ein lettleva og munter slått som høvde godt til hans gemytt, og han gav slåtten si eiga form. Andre namn på slåtten er Domparen, Høybøen, Morten Solebindar og Torstein Madsson – etter kor ein finn han i dei ulike bygdelag.

09. **Tovil Runningen, springar** (1964)

Dette var slåtten som Svein Løndal oftast begynte med når han spela til dans. For han – som for Kjetil – var dette ein improvisasjonsslått som kunne ha ulik lengde og innhald.

10. **Floketjønn, gangar** (1965)

Gangar etter Håvard Gibøen (1809–73) i form etter Svein Løndal. Namnet på slåtten er av nyare dato. Opphavelag, fortalde Kjetil, kalte Håvard slåtten for «Frelsaren». Det hadde seg slik at Håvard hadde vore ute på speling i noko lengre tid enn planlagt, og det var ikkje kona hans Mari så begeistra for. Like før han kom heim, laga han så denne slåtten som han spelte for henne straks han kom heim. Mari lika han så godt at ho tilgav Håvard på augneblinken.

11. **Beilarguten, springar** (1967)

Ein slått med varierende former i ulike delar av Telemark, og her er løndals-spelermannenes utforming.

12. **Kolsrudspringaren** (1970)

Ein av hovudslåttane etter heddalsspelermannen Ole Olsen Kolsrud (1827–1902). Kolsruden må ha vore ei stor kjelde i slåttemusikken i si tid. Fleire tok vare på slåttane etter han, til dømes Jon Kolbjørnsrud (1858–1958) og hans son Tarkjell Kolbjørnsrud (1888–1972), fleire bøheringsspelermann og Svein Løndal i Tuddal. Anund Haugan (1883–1962) frå Notodden, spela inn slåttar etter Kolsruden i NRK. På oppmoding frå Rolf Myklebust i NRK studerte Kjetil desse opptaka frå like etter krigen og

spela dei inn på nytt i NRK i 1967, forma som ein folkemusikkhalvtime med kolsrudslåttar. Kjetil merka seg den særmerkte rytmen som må ha vore i kolsrudspelet og også den tidvist uvanlege bogeføringa, som innimellom var heilt annleis enn det som er vanleg. «Kolsrudslåttane gav meg ny kveik i spelet,» fortalde Kjetil.

**13. Margit Langerud, gangar (1970)**

Dette er ein høgtidsstemt gangar i kolsrudtradisjonen, og som Kjetil hadde etter opptak med Anund Haugan. Men høyrer ein på båe opptaka, ser ein at Kjetil har lagt mykje av seg sjøl og sitt spel inn i slåttestoffet og framføringsmåten.

**14. Bægjuven, springar (1976)**

Springar etter Olav Bægjuv frå Seljord, ein spelemann me kjenner lite til. Denne utbroderte slåtteforma kan tyde på at han ikkje var nokon dårleg spelemann, og det finnast også ein springar på nedstilt bas som ber Bægjuvens namn.

**15. Åleine, springar av Kjetil Løndal (1967)**

Kjetil laga ein del slåttar, og Åleine er ein av desse. Andre er Anton, springar bygd på eit slåttesteve, Helgedagskveld, ein gangar han laga på toget frå Bergen til Oslo, Låinfåen, springar på en slåttestevtone han fekk av ei gamal kone under dansespeking i Tinn. Han laga også gamaldansslåttar.

**16. Ljose-Signe, lydarslått av Torkjell Haugerud (1962)**

Slåtten er siste delen av ein slåttetrilogi laga av spelemannen og slåttekomponisten Torkjell Haugerud (1876–1954) på grunnlag av diktet Draum av Sigurd Nes. Det er saga om dei tre gygrane i Seljordfjella som stod for kvart sitt syn på skiftet mellom gamal og ny kultur og tradisjon. Den fyrste er Tårån i Troppin, den neste er Glíma. Tårån lever i og trur på berre den gamle tradisjonskulturen, medan Ljose-Signe er i den nye tida.

Ho ser optimistisk framover, samstundes som ho tek noko av det gamle med seg vidare. Kjetil var mykje saman med Torkjell Haugerud, som han hadde stor beundring for. Han var óg med han på dødsleiet på Rikshospitalet, og Torkjell sa: «No må du taka godt vare på slåttane mine da,» og Kjetil lova han det. Tolkinga av Ljose-Signe tyder på at han har halde det løftet.

**17. Myllargutens draum, springar** (1976)

er ein lyrisk springar etter Myllarguten (1801–72), som han skal ha drøymt under ein av sine mange turar til Hardanger.

**18. Myllargutens meisterstykke, gangar** (1967)

Denne slåttan er ein collage av motiv frå ulike slåttar av Myllarguten sett saman av Lars Fykerud (1860–1902). Lars har eit stort namn hjå alle som spelar i Løndalstradisjonen. Lars Fykerud og Svein Løndal var jamnaldringar og saman om spelet i mange år før Lars reiste til Amerika i 1890. Noko av komposisjonsstoffet som er tillagt Lars Fykerud har truleg kome frå Svein Løndal. Ein kjenner att hans signatur iblant.

**19. Kjempehallingen** (1964)

er ein slått som Lars Fykerud har laga, men mogeleg er her innslag også frå Svein Løndals hand. Andre namn på slåttan er Kvitseiden og Nonsnatten.

**20. Myllargutens minne, springar** (1963)

Dette er ein springar som visseleg kjem frå Myllarguten, men som formmessig tvillaust har blitt prega av Torkjell Haugerud, og det var av han Kjetil lærde slåttan.



**THE LØNDAL STYLE** represents a unique branch of Norwegian traditional music, distinguished by what Tuddal writer O.J. Rui called “its supple, clean playing style and effortless fingerings.” Numerous fiddlers have seen the Løndal style as an ideal and emulated its characteristic, lyrical sound. There’s hardly a fiddler in Telemark that hasn’t been influenced by the Løndal style, and this is true for a number of other districts as well.

Svein Løndal (1864–1949) stands head and shoulders above the rest, but other fiddlers from the Løndal family, both before and since, have played in the same, characteristic style. The family came from Tinn, and its first well-known fiddler was Hølje Sveinson Leikanrud (b. 1759). He and Brynjulv Olson were Tinn’s finest fiddlers, and Hølje inherited the privilege of playing at public gatherings from Brynjulv. It was hardly idle talk when Knut Lurås (1782–1843) said: “If I’d had a Bokko bow and Leikanrud’s fingers, what a fiddler I would have been.”

Svein’s sons Olav (1904–1986), Kjetil (1907–1987) and Einar (1914–2006) all became fiddlers. 2005 saw the release of our first CD of Løndal recordings, featuring Einar Løndal, youngest of the three brothers.

**KJETIL**, the middle of the three, was born in Tuddal on May 6, 1907. Like Olav, he travelled with his father to gigs in his youth. Kjetil has reminisced about going to Tinn to play in the “Blue Room”. Later on, he visited Tinn frequently, studied with Gisle Måremsrud and became

greatly impressed with Johannes Dahle, learning many of his original tunes. Kjetil was fond of the Tinn style all his life. There can be no doubt that the admiration was mutual: “Kjetil, I love you so much I could eat you up!”

Like his brothers, Kjetil was an active ski jumper, and winters ment long ski treks to the neighbouring districts of Heddal, Hjartdal, Gransherad and Tinn with his fiddle case on his back, playing at dance gatherings in the evenings. Working as a carpenter and ski instructor at the Tuddal mountain hotel, he fell in love with the hotel chef, Edvine. They married, and in 1939 they settled permanently in Casparis gate in Oslo. Kjetil was the building’s caretaker, and their home rapidly became a meeting-place for folk musicians in Oslo. At 1 PM every day, Kjetil would take a break from work, and usually one or more fiddlers would drop by to play for an hour or so. This daily routine was maintained for many years.

Kjetil made his first appearance on Norwegian radio in 1931, and returned frequently to perform on the regular folk music show and in other settings. He recorded more than 200 tunes for the NRK (the Norwegian broadcasting corporation), and once said, perhaps surprisingly: “I didn’t become a true fiddler until I got a tape recorder and could hear my own playing.”

Unlike many other fiddlers, there was no time in Kjetil’s life when he didn’t play regularly. Unless he was ill, he would play every day. His playing was bright and warm, lively and rhythmically brilliant. A unique

characteristic was his deliberate use of rhythmic irregularities, especially in gangar tunes in 6/8 meter. This greatly impressed those who understood what he was doing, but probably very few fiddlers are sufficiently rhythmically advanced to follow his lead. He used rhythm as a narrative element in his performance, just as melody might be. Kjetil had several students. He enjoyed teaching the fiddle and being around young people till the day he died. Ever a youthful spirit, he was a fountainhead of jest and witticisms.

Kjetil was a fiddle-maker as well, and made his first instrument while still very young. He was genuinely interested in fiddle-making, spent much time with fiddle-makers O.K. Venaas and John H. Tjønn, and paid especially frequent visits to the grand masters Olaf G. Helland, Notodden, and Gunnar M.A. Røstad, Oslo. Kjetil himself made good, sturdy fiddles and ran a repair shop in the bedroom of the tiny apartment in Casparis gate.

He was musical director of the Society for Traditional Music from 1945 to 1980 and president for two years, 1945–1947. He was president of the National Association of Fiddlers 1950–1952. Kjetil won the national championships four times, in 1956, 1958, 1959 and 1966. It is perhaps less widely known that he was also a master dancer, winning the national dance championship in 1954 with his partner Margit Løndal. He was a dance instructor with the Telemark Club, and for years he was also the club's regular fiddler. As a fiddler, he accompanied the club on a string of tours, covering most of Europe and twice visiting the USA: a three-month tour with the show *Dans ropte fela* in 1961, and a one-month tour in 1972. Kjetil had a large cabinet filled with championship cups and other

awards such as the Torkjel Haugerud Memorial Award and his gold medal for meritorious services.

As mentioned, Kjetil would play at home every day, and always played whenever fiddlers or good listeners dropped by. By he also enjoyed the exposure offered by championships and concerts, which only served as an extra inspiration, and never caused him any concern. While on tour in the US in 1972, he was asked if the thought of playing to more than 5,000 people in Washington, D.C. made him nervous. "Not at all," he answered, "no more than eating porridge." To him, this was just another job. Yet a hallmark of his playing was his ability to draw inspiration from his audience. Kjetil made some of his best performances while facing an audience, as demonstrated on a couple of tracks on this CD, recorded at championships.

Kjetil Løndal died on November 29, 1987, at the age of 80. He insisted on ending his days at home, in the care of a home nurse. When the fiddlers came to his deathbed to pay their respects, all he wanted was to hear them play. Several of them played for him in his bedroom, and when asked if there was anything else he wanted, his answer was quick and typically astute: "Not unless you can fix me a drink."

Kjetil Løndal was a musical aesthete and a brilliant performer. Insisting that it was essential to "make the fiddle speak", he treated his own fiddle, Rostadkjempa, almost as an extension of his physical self. He was proud to uphold the musical tradition handed down to him from his father, all the while imbuing the music with his own temperament and personality and thus furthering the development of the Løndal style.

/Bjørn Wibe and Kjell Chr. Midtgaard

## ABOUT THE TUNES

### 01. **Førespel** (1962)

Kjetil learned this prelude from his father, but renders it in his own characteristic style – quiet and lyrical, yet suggestive of great power. This tune may be regarded as emblematic of Kjetil's playing.

### 02. **Jenta nedmed stronde, springar** (1966)

A springar portraying summer and beautiful meadows, youth, music and dance. The form and ornamentation is typical of Løndal tunes, with the well-known tender and slightly mournful undertone also present. It is likely to have been composed by Svein Løndal. When Kjetil played, he would often add comments, quotes or small stories related to the tunes. For this one, he would sometimes recite the lyrics for the tune – with a bit of the characteristic Tinn sting:

*Young girl on the beach  
picking driftwood from the sea  
If you cannot find another  
I guess you can have me*

### 03. **Flesbergingen, springar** (1976)

This tune after Myllarguten exists in many forms and with many names. In western Telemark it's called Lårdalsbryggja, and Jørgen Tjønne staul called it Åsheimen.

### 04. **Fenta, halling** (1963)

A halling in the Løndal tradition, recorded at a championship in Porsgrunn in 1963.

### 05. **Bokkoen, springar** (1964)

This tune is named after the fiddler Øystein Bokko from Tinn. Kjetil had a liking for this cheerful springar, and sometimes used it in competitions.

**06. Sevlien, halling (1964)**

This famous rendition of Sevlien was recorded at the East Norwegian championship in Porsgrunn, 1964. Kjetil later recounted how, standing on stage, he had a sense of complete freedom, of being totally in control of his instrument so that the fiddle felt almost like an extension of his physical self. He had only had this feeling of freedom and total ease a few times, he said. Another time was when playing Urgjen at Storsalen in Nordahl Bruuns gate, Oslo. No recording exists of that performance.

**07. Lullaby after Svein Løndal (1955)**

Svein Løndal played a lot of lullabies and songs. His lullabies did not have a fixed form, but varied in structure and length as the fiddler saw fit – probably with regards to their efficiency when it came to inducing sleep. These tunes are usually held in minor keys and embellished with the lyrical and sensitive phrasings typical of the Løndal style, so that Svein Løndal's efforts often yielded a roomful of sleeping children and weeping adults.

**08. Jåle-Ragnhild, springar (1966)**

was frequently played by Kjetil at championships and dances. It's a light and cheerful tune that suited his temperament admirably, and he fashioned his own version of it. In other districts, the tune is known variously as Dompæren, Høybøen, Morten Solebindar and Torstein Madsson.

**09. Tovil Runningen, springar (1964)**

This was Svein Løvdaal's customary opening number when he played at dance gatherings. Both he and Kjetil treated this tune as an improvisational number of varying length and structure.

10. **Floketjønn, gangar** (1965)

This is a gangar by Håvard Gibøen (1809–73), adapted by Svein Løndal. Its name, however, is more recent. Kjetil has said that Håvard's original name for it was Frelsaren – “The Redeemer”. One time when Håvard had stayed out playing for rather longer than planned and knew that his wife Mari would be furious, he made this tune on his way home and played it to her the moment he arrived. Mari liked it so much she forgave him immediately.

11. **Beilarguten, springar** (1967)

A tune that appears in different varieties throughout Telemark. This is the Løndal family's version.

12. **Kolsrudspringaren** (1970)

One of the most important tunes left behind by Heddal fiddler Ole Olsen Kolsrud (1827–1902). Kolsrud must have been a major contributor to traditional music in his time. Several people have kept his legacy of tunes alive, among them Jon Kolbjørnsrud (1858–1958), his son Tarkjell Kolbjørnsrud (1888–1972), a number of fiddlers from Bø, Telemark, and Svein Løndal in Tuddal. Anund Haugan (1883–1962) frå Notodden recorded Kolsrud tunes for the NRK just after W.W.II. In 1967, Rolf Myklebust of the NRK encouraged Kjetil to study these recordings and re-record the tunes. The resulting session was presented as a half-hour Kolsrud programme. Kjetil noted that Kolsrud's playing must have employed idiosyncratic rhythms and unusual bowing techniques that at times deviated perceptibly from the norm. “Kolsrud's tunes brought a new kind of intensity to my playing,” Kjetil said.

13. **Margit Langerud, gangar** (1970)

A festive gangar in the Kolsrud tradition, that Kjetil learned from Anund Haugan's recordings. However, a comparison of the two recordings shows that Kjetil brought quite a lot of his own temperament and playing style to the piece.

14. **Bægjuven, springar** (1976)

A tune by Olav Bægjuv of Seljord, a fiddler of whom very little is known. The tune's ornate structure indicates that he was a fiddler of no small talent. There is also a scordatura springar bearing his name.

15. **Åleine, springar by Kjetil Løndal** (1967)

Kjetil composed a number of tunes, and Åleine is one of these. Others include Anton, a springar based on a dance song, Helgedagskveld, a gangar composed on a train trip between Bergen and Oslo, and Låinfåen, a springar based on a dance song he learned from an old woman at a dance gathering in Tinn.

16. **Ljose-Signe by Torkjell Haugerud** (1962)

This tune is the final part of a trilogy by fiddler and composer Torkjell Haugerud (1876–1954), based on the poem Draum by Sigurd Nes. In this tale of three troll women in the Seljord mountains, the characters – Tårån, Glima and Signe – represent different perspectives on tradition and innovation. Tårån is firmly rooted in traditional culture and rejects everything else, while Signe represents the new age, looking boldly ahead while still retaining some of her roots. Kjetil spent a lot of time with Torkjell Haugerud, whom he admired greatly. On his death bed, Torkjell implored Kjetil to “take good care” of his tunes, and Kjetil solemnly promised to do so. His performance of Ljose-Signe indicates that he kept his promise.

17. **Myllargutens draum, springar** (1976)

A lyrical springar after Myllarguten (1801–72), which is supposed to have come to him in a dream during one of his many trips to Hardanger.

18. **Myllargutens meisterstykke, gangar** (1967)

This tune is a collage of motifs from a number of Myllarguten's tunes, assembled by Lars Fykerud (1860–1902). Lars is held in great esteem by everyone playing in the Løndal tradition. Lars Fykerud and Svein Løndal were of the same age, and played together for years before Lars left for America in 1890. Some of the material attributed to Lars Fykerud probably came from Svein Løndal, whose unmistakable signature surfaces here and there.

19. **Kjempehallingen** (1964)

A tune by Lars Fykerud, possibly with contributions from Svein Løndal. Also known as Kvitseiden and Nonsnatten.

20. **Myllargutens minne, springar** (1963)

Definitely originally composed by Myllarguten, the structure of this springar nevertheless bears the mark of Torkjell Haugerud, who passed it on to Kjetil.

**Redaktør og produsent:** Gunn Sølvi Gausemel, NRK **Idé, tekst og repertoarutval:** Kjell Chr. Midtgaard og Bjørn Wibe  
**Lydrestaurering og mastering:** Per Arne Flø, NRK **Opptak:** NRKs folkemusikkarkiv **Framsidedfoto:** P. A. Røstad, Oslo  
**Grafisk formgjeving:** Eva Karlsson **Engelsk omsetjing:** Svein Svarverud  
**Økonomisk støtte:** Norsk kulturråd, Rådet for folkemusikk og folkedans og Hjørtal historielag



t:

Detalj frå hardingfele bygd av Kjetil Løndal i 1982.

FOTO: STEINAR OFSDAL